

Innsamling av avfall frå hushald og fritidsbustadar

ØYGARDEN KOMMUNE

Dette gebyrregulativet er vedteke av kommunestyret i Øygarden kommune den 11.12.2025 med heimel i lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningslova), jf. forskrift for innsamling av avfall frå hushald og fritidsbustader i Øygarden kommune, vedteke av kommunestyret den 18.02.2021.

SIDE 1/2

Regulativet gjeld frå den 01.01.2026. Alle gebyrsatsar er oppgitt inkl. mva.

RENOVASJONGEBYR

Årsgebyr hushald

Renovasjongsgebyr for hushald er lovpålagt, og gebyret skal fullt ut dekke kostnadane for renovasjonstenesta. Gebyret består av:

- Fastledd (grunngebyr) – avhengig av abonnementsform. Gjeld pr. bueining.
- Variabelt ledd (kilogebyr for restavfall). Gjeld etter mengde restavfall levert.

Gebyr	Fraksjonar inkludert	Satsgrunnlag	Sats
Hushald med sentralkompost (fast)	Rest/mat/papir/plast/glas og metall	pr. bueining	4.046,-
Hushald med heimekompost (fast)	Rest/papir/plast/glas og metall	pr. bueining	3.371,-
Hytterrenovasjon (fast)		pr. bueining	3.324,-
Restavfall – mengde levert (variabel)		pr. kg	5,-

Merknader

Årsgebyr

- Grunngebyret blir rekna per bueining (t.d. dobla dersom det er to bueiningar i eitt hus).
- Kilogebyret er eit reint variabelt ledd og blir rekna ut frå faktisk mengde levert restavfall, uavhengig av tal på bueiningar. Restavfallet blir vege ved tømning av behaldar.
- Ved felles avfallsbeholdar blir kilogebyret fordelt etter sameigebrøk, eller etter tal på abonnentar der sameigebrøk ikkje ligg føre.
- For fritidsbustader (bringeordning) gjeld berre fast gebyr.
- For fritidsbustader med egne behaldarar, gjeld same ordning som for bustad (fast + variabelt ledd)

Tømmefrekvens

Rest- og matavfall	kvar 2. veke
Papir- og plastavfall	kvar 4. veke
Glas- og metallavfall	kvar 10. veke

Innsamling av avfall frå hushald og fritidsbustadar

ØYGARDEN KOMMUNE

SIDE 2/2

Poser for plast- og matavfall

- Treng du fleire sekkar kan du knyte ein pose rundt handtaket på papirspannet eller matavfallspannet på tømmedagen. Då vil renovatøren legge igjen ein rull med sekkar til deg.
- Plastsekk merkt med til returplast blir delt ut gratis til husstandane for sortering av plastemballasje. Desse sekkane skal ikkje brukast til anna enn plastemballasje. Dersom anna avfall blir levert i returplastsekkane på gjenbruksstasjonen, vil det komme ein kostnad på kr 10 pr. sekk.

Levering på gjenbruksstasjonen

Inngangsgebyr pr. levering	Type køyretøy	Sats
1-3 gonger	Besøkande til fots eller med bil/tilhengjar < 7500 kg	Gratis
Frå 4. levering	Besøkande til fots eller med personbil	200,-
Frå 4. levering	Varebil/personbil med tilhengjar	350,-
Frå 4. levering	Lastebil inntil 7500 kg	800,-

Kilogebyr (i tillegg til inngangsgebyr)	Satsgrunnlag	Sats
Restavfall	pr. kg	kr 3,-
Inerte masser (t.d. stein, fliser)	pr. kg	kr 3,-
Andre fraksjonar		Inkludert i inngangsgebyret

Særskilte ordningar

- Hageavfall Midtstegen: Levering er gratis, men krev at abonnenten har gjennomført enkel opplæring i kva som kan leverast. Levering utløyser ikkje gebyr eller kvotetrekk. Området er overvaka, og feil levering kan medføre ekstrakostnader i tillegg til gebyr etter Renovasjonsforskrifta § 4-4.
- Hageavfall Straume: Utløyser kvotetrekk eller inngangsgebyr dersom kvoten er brukt opp.
- Eige val for spesialavfall: Besøk med berre farleg avfall, EE-avfall eller brukbare gjenstandar til gjenbruksbutikken utløyser ikkje gebyr eller kvotetrekk.
- Anna avfall som ikkje er spesialavfall, til dømes tekstil-, glas-, metall-, plast- og papiravfall, utløyser kvotetrekk eller inngangsgebyr dersom kvoten er brukt opp.
- Varsel ved innkøyring: Abonnenten får melding dersom kvoten er brukt opp, og må registrere rett køyretøy på skjerm. Dette utløyser gjeldande inngangsgebyr.